



Boligbygg Vest AS
Fagerdalen 4
5039 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1829 - 18/15284

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

06.07.2018

Forhåndsvarsel med tvangsmulkt - Oppføring av mur/grunnmur - gbnr 23/567

Saka gjeld:

Meland kommune var på synfaring på eigedomen i samband med søknad om mellombels bruksløyve for hus 20 og 22 på BK09 den 3. og 4. juli 2018. I den samanheng registrerte vi at det er ført opp mur/grunnmur med trapper på BK06 og BK07.

Kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om løyve til oppføring av dei nemnde tiltaka. Vi finn difor grunnlag for å forhåndsvarsle pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt:

Grunnboka viser at De er heimelshavar til eigedomen. De er difor ansvarleg for å retta opp i ulovlege tilhøve.

På bakgrunn av synfaring, konstaterer kommunen følgjande:

Det er oppført mur/grunnmur med trapper på arealet som er regulert til BK06 og BK07, sjå bilete under.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



Oppføring av murar er i utgangspunktet søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-2, jf. 20-1, med krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3. Mindre murar på inntil 1 meters høgd og med ei avstand frå nabogrense på minst 1 m eller med ei høgd på inntil 1,5 meter og med avstand frå nabogrense på minst 4 meter er unntatt frå søknadsplikt på bustadeigedomar, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 bokstav e) nr. 6. Murane som vist til på bilete er ikkje unntatt frå søknadsplikt i samsvar med SAK10 § 4-1 bokstav e) nr. 6.

Vi kan ikkje sjå ut frå vårt arkiv at det er gitt løyve til desse tiltaka. Med bakgrunn i nemnde tilhøve, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

De kan svare på førehandsvarselet innan **10.8.2018**.

Varsel om pålegg om retting:

Med heimel i pbl § 32-3 varslar vi følgjande:

Ulovleg opparbeida murar må fjernast.

Frist for tilbakeføring er satt til **1.9.2018**.

Meland kommune skal underrettast skriftleg når arbeidet er tilbakeført. I tillegg må det sendast inn biletedokumentasjon.

Viss dei ulovlege tilhøva ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak med pålegg om tilbakeføring, jf. pbl § 32-3.

Varsel om tvangsmulkt:

Med heimel i pbl § 32-2, gjer Meland kommune med dette varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av eingongsmulkt og/eller dagmulkt, dersom dei ulovlege tiltaka ikkje er tilbakeført, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, innan **1.9.2018**.

Innsending av søknad:

Det kan sendast inn søknad om løyve innan gitt frist. Søknaden må vere komplett og skal nabovarslast. Eit ansvarleg føretak må stå ansvarleg for søknaden, jf. pbl § 20-3.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande regelverk. Dette er ikkje å rekna som ei førehandsgodkjenning av tiltaka.

Andre opplysningar:

Vi gjer merksam på at det er eigar sitt ansvar å sørge for at reglane i plan- og bygningslova blir overhalde.

Oppfølging av ulovlege tilhøve vil utløyse gebyr etter gjeldande gebyrregulativ for Meland kommune.

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert fylgt, kan kommunen utferde forelegg etter pbl § 32-6. Eit forelegg vil få same verknad som rettskraftig dom, jf. pbl § 32-7.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tysseland Arkitektur AS Strandgaten 19 5013 BERGEN

Mottakarar:

Boligbygg Vest AS Fagerdalen 4 5039 BERGEN